

Kultur →

Her har stryningen akkurat blitt heidra med Sibeliusprisen

Arve Henriksen, jazztrompetist frå Stryn, vart torsdag tildelt Sibeliusprisen under ein konsert med Kringkastingsorkesteret (KORK). Prisen har tidlegare vore gjeven til m.a. Arve Tellefsen, Leif Ove Andsnes og Lise Davidsen. Musikken som vart framført under konserten var Henriksen sin eigen, arrangert for orkester av ein annan stryning, Helge Sunde.



© Hans Erik Lindbom 2024

Sibeliusprisen: Arve Henriksen mottok i samband med KORK-konserten Sibeliusprisen for sin innsats for å løfte fram det kvenske folket sin musikk og identitet, og gje unik innsikt i denne "gløymde" sida av norsk-finsk kultur. Her med den finske ambassadøren Teemu Tanner t.v. og styreleiar Sephan Barratt-Due t.h. **FOTO: HANS ERIK LINDBOM/NRK**

Gunnhild Sindre

Oppdatert: måndag 18. november 2024 kl. 12:30

Med si unike klangverd og nysgjerrigheit på andre kulturar og røter har Arve Henriksen skapt eit tidlaust språk utanfor sjangerbåsan. No sist med å utforske sine egne slektsrøter.

- Utgjevinga Merimies muisteleen (2022), basert på ei diktsamling av poeten Alf Nilsen-børsskog, var ikkje berre Arve Henriksens døropnar til sin eigen kvenske identitet, men vart starten på ein inderleg og personleg prosess for å synleggjere kvensk kultur og språk. Undervegs har han skrive kvensk teatermusikk, filmmusikk, urframført eit kvensk bestillingsverk, og bidrege til å etablere nye lokale nettverk og prosjekt med kvenske musikarar, seier Stephan Barratt-Due, styreleiar for Sibelius-selskapet i Norge.
- Med eit sjeldan vakkert og melankolsk uttrykk som taler direkte til hjartet, har Arve Henriksens innsats for å løfte fram det kvenske folks musikk og identitet gitt oss unik innsikt i ei side av norsk-finsk kultur som har vore neglisjert altfor lenge.



Stryningar i sentrum: Arve Henriksen t.v., komponist og trompetist, hadde med Helge Sunde på laget som orkesterarrangør. Henriksen fekk under konserten også overreikt Sibeliusprisen. **FOTO:** HANS ERIK LINDBOM/NRK

Blir sendt på TV

Arve Henriksen har lenge vore ein utforskande og eksperimenterande

musikarar, med eit mangfald i sjangrar i sin katalog. Då han møtte KORK i Store studio torsdag, var det for å søke mot røtene.

Dei siste åra har Henriksen gått tilbake i familiehistoria, med spor som leier til Kvænland i Finland. Ønsket om å finne meir om sin finske bakgrunn fall saman med Henriksen sin stadige trang til å oppsøke nye musikalske vegar. Bak inspirasjonen ligg også det kvenske språket og historia om eit folk som, i fornorskinga sitt namn, vart nekta å bruka morsmålet sitt. I møte med historia, språket og den kvenske kulturen har Arve Henriksen alt skapt fleire store musikalske prosjekt.

Utforskinga held fram, og på vegen har Henriksen invitert Kringkastingsorkestret med på Kvenofoni. Med på laget har han invitert sambygding og musikalsk kollega Helge Sunde, som lenge har vore ein viktig arrangør for KORK. På dette verket er han medskapar, og sørgjer for at Arve Henriksens musikalske idear kling frå eit heilt orkester.

Konserten vert send på NRK TV i midten av mars.



Frå konserten med KORK: Eivind Aarset, gitar, Christian Eggen, dirigent, Ivar Beddari, skodespelar, Arve Henriksen, trompet/komponist, Helge Sunde, orkestrering og Veslemøy Narvesen, trommer. Konserten kjem på NRK TV i mars. **FOTO:** HANS ERIK LINDBOM/NRK

Om Sibeliusprisen

Sibeliusprisen er ein heiderspris for framifrå innsats for å fremje kontakten mellom finsk og norsk musikkliv, eller for forståing for og kjennskap til finsk musikk i Norge eller norsk musikk i Finland. Prisbeløpet er 100.000 kroner.

Tidlegare mottakarar av Sibeliusprisen er mellom andre Arve Tellefsen, Henning Kraggerud, Leif Ove Andsnes og Håvard Gimse, Solveig Kringlebotn og Lise Davidsen.

<https://www.fjordingen.no/kultur/i/Rz4v32/heidra-med-sibeliusprisen-under-eigen-konsert>